

KVINNHERAD KOMMUNE
Rosendalsvegen 10
5470 ROSENDAL

Vår dato: 04.03.2024
Vår ref.: 202206508-4 Oppgi ved kontakt
Dykkar ref.: 2022/1134

Sakshandsamar: Toralf Otnes,
22959527, toot@nve.no

NVE sin uttale til detaljreguleringsplan for turistanlegg Uskedalen - Gnr. 131 bnr. 4 og gnr. 123 bnr. 13 – Kvinnherad kommune

Vi viser til brev datert 31.01.2024. Saka gjeld offentlig ettersyn av detaljreguleringsplan for turistanlegg Uskedalen. Føremålet med planframlegget er å legge til rette for utvikling og vidare drift av Rabben feriesenter med tilgrensande areal. Planen omfattar også deler av Øyro Marina og Camping sitt areal.

Om NVE

Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) er nasjonalt sektormyndede med motsegnkompetanse innanfor saksområda flaum-, erosjons- og skredfare, allmenne interesser i vassdrag og grunnvatn, og anlegg for energiproduksjon og framføring av elektrisk kraft. NVE har også ansvar for å hjelpe kommunane med å forebygge skader frå overvatn gjennom kunnskap om avrenning i tettbygde strøk (urbanhydrologi). NVE gir råd og rettleiing om korleis nasjonale og vesentlege regionale interesser innanfor desse saksområda skal takast omsyn til ved utarbeiding av arealplanar etter plan- og bygningslova (pbl).

NVE sin uttale

Flaumfare

Planområdet ligg like nord for utløpet av Uskedalselva. Norconsult har utarbeidd flaumsonkart for planområdet. I plankartet er areal utsett for 200 års flaumfare med 40% klimapåslag markert med omsynssone H320 Flaumfare. Til omsynssona er følgjande føresegner knytt til:

- 7.4.1 Flaumfaren innanfor sona har større årleg sannsyn enn 1/200, inkl. klimapåslag. Innanfor sona er det ikkje tillate med nye tiltak som aukar flaumfaren i området eller områda rundt.
- 7.4.2 Nye bygningar for varig opphald innanfor området skal etablerast med innvendig golv på min. kote +2,9.



Vi tolkar føresegn 7.4.1 og 7.4.2 slik at de legg til grunn at det er avgjerande for kva tryggleiksklasse tiltak høyrer til om det er varig opphald eller ikkje. Dette er ikkje heilt riktig forståing av kva som er grunnlaget for plassering i tryggleiksklasse for flaum. I rettleiinga er riktig nok personopphald eit moment, men økonomiske verdiar og samfunnsmessige konsekvensar er også viktige når tryggleiksklasse skal fastsettast. For tryggleiksklassar for flaum legg ein i utgangspunktet til grunn at det ikkje er fare for liv og helse.

Eit garasjeanlegg for fleire bilar, eller eit serviceanlegg for besøkande, hamnar gjerne i tryggleiksklasse F2 på grunn av dei økonomiske verdiane som er knytt til tiltaket. Det blir difor rettare å vise til kva tryggleiksklasse det er knytt krav til i føresegna. Så blir det ei konkret vurdering å vurdere tryggleiksklassen i den einskilde byggesaka basert på rettleiinga til TEK17 § 7-2. **NVE har eit fagleg råd** om at de endrar føresegn 7.4.2 slik at krav knytt til flaumsikker høgd viser til tryggleiksklasse F2. Tilsvarande vil flaumnivå for 20 års flaum utgjere grense for tiltak i tryggleiksklasse F1. Dette bør de også innarbeide i føresegnene.

Det er også knytt tryggleikskrav til areal for campingvogner og spikartelt

Praktisk talt heile planområdet ligg utsett for flaumfare med sannsyn $\geq 1/200$ med klimapåslag. I plankartet har de innarbeidd flaumsone for 200 års flaum med omsynssone H320 Flaumfare, og i føresegnene har de sett krav til lågaste kotenivå for innvendig golv for bygningar.

Vi vil påpeike at også areal som blir tilrettelagt for t.d. campingvogner også må ta omsyn til flaumfaren. Campingvogner med spikartelt representerer store økonomiske verdiar. Eksisterande drift kan halde fram. Når de legg til rette for nytt areal der det skal plasserast ulike objekt som har økonomiske verdiar må de sikre at dei som brukar arealet har tilstrekkeleg tryggleik mot flaumfare i forhold til dei verdiane som blir plassert der. Tryggleikskrava er førande for plan, og alle tiltak etter pbl. § 20-1 er omfatta av tryggleikskrava i TEK17. I flaumutsette skal det fastsettast tryggleiksklasse for flaum, jf. TEK17 § 7-2, 2. ledd.

Det er også viktig at de merkar dykk at tilstrekkeleg tryggleik for nye tiltak ikkje kan basere seg på organisatoriske tiltak. Det vil sei sikringstiltak som krev handling, som til dømes å flytte verdiar bort når flaum er varsla. Tilstrekkeleg tryggleik kan berre nåast ved å fysisk sikre at tiltak, og innhaldet, ikkje kan bli skada av flaum. I prinsippet vil det bety at de må velje eit av desse tiltaka:

- Unngå tiltak i flaumutsett areal
- Heve flaumutsett areal til sikker høgd
- Hindre flaumvatn å nå det aktuelle arealet, t.d. ein flaumvoll
- Teknisk tilpasse tiltaket slik at det toler flaum

Nokre aktuelle tiltak innanfor campingplassområdet vil sannsynlegvis høyre til tryggleiksklasse F1. Vi rår dykk difor til å dele flaumsona opp i to flater. Ei flate for areal



omfatta av 20 års flaum med klimapåslag (t.d. H320_1), og ei for areal mellom 20 års flaum og nivå for 200 års flaum med klimapåslag (t.d. H320_2).

Meir informasjon

De finn mykje informasjon på våre nettsider om arealplanlegging, <https://www.nve.no/arealplanlegging/>. Vår uttale i saka er nødvendigvis ikkje uttømmende. For å få ei fullstendig oversikt viser vi til [Kartbasert rettleiar for reguleringsplan](#), som leier dykk gjennom alle våre fagområde, og gir dykk verktøy og innspel til korleis våre tema skal takast omsyn til i reguleringsplanen. Dersom de har spørsmål, eller det er noko i denne uttalen som er uklart, kan de ta kontakt pr. telefon eller e-post.

Kommunen sitt ansvar

NVE minner om at det er kommunen som har ansvaret for at det blir tatt nødvendig omsyn til flaum- og skredfare, overvatn, vassdrag og energianlegg i arealplanar, byggeløyve og dispensasjonar. Dette gjeld uavhengig av om NVE har gitt råd, uttale, eller motsegn til saka.

Med helsing

Øyvind Leirset
Seksjonssjef

Toralf Otnes
Senioringeniør

Dokumentet blir sendt utan underskrift. Det er godkjend etter interne rutinar.

Mottakarar:

KVINNHERAD KOMMUNE

Kopimottakarar:

STATSFORVALTAREN I VESTLAND